

Til lokallaga.**Lokalhistoriske dagar og årsmøtet:**

Etter samråd med styret i Askøy museums lag vert det skipa til årsmøte i Hordaland sogelag og Lokalhistoriske dagar på **Askøy helga 13. og 14. mars 2010.**

Arrangementet vert lagt til Askøy museum sine lokale i den gamle shoddyfabrikken i Strusshavn. Programmet for Lokalhistoriske dagar tek til kl. 12.00 laurdag 13. mars, med festsamkoma om kvelden. Sundag 14. mars vert det årsmøte og deretter ei lokalhistorisk reise på Askøy. Overnatting må deltakarane syta for sjølve, men det er fleire mogelege plassar for overnatting på Askøy – t. d. Herdlevågen Gjestehus. Det vil koma eit meir detaljert program i februar 2010.

Frist for innsending av saker til årsmøtet er 1. mars (Jfr. § 5.c i lover for Hordaland sogelag)

Hugs å velja utsending/ar til årsmøtet 29. mars (Jfr. § 5b i lover for Hordaland sogelag)

Studieturar (I vikingane sine spor):

Styret i Hordaland sogelag har avgjort at me i komande år skal arrangera tur til Island. Tidsbolken som er peika ut for turen er 27. juli til 3. august. Kostnadene for turen er enno ikkje avklåra – me ventar på tilbod frå turoppeararar.

Programmet på Island vil truleg verta todelt: 1) området i og kring Reykjavik; 2) vestover/ nordover med fokus på landnåmstida og saga om den.

Maksimum deltakartal vil vera 40 på denne turen. Me vil be alle interesserte melda frå så snart som mogeleg. Desse vil få informasjon om opplegg og kostnad tidleg på nyåret.

Og dette er ikkje ei forpliktande påmelding!

Skriv mail til: mikalhe@gmail.com.

Temahefte:

Styret har drøfta eit framlegg om at me set i gong med å gje ut denne skriftserien og at me 1) kallar serien **Segn og søge frå Hordaland**; 2) at me som start av serien og som eit prøveprosjekt gjev ut Anton Espeland sin monografi med same navn. Espeland ga ut dette arbeidet på Norsk Folkekulturs forlag i 1933. Kva for rettigheter som knyter seg til dette arbeidet må utgreiast og det er teke kontakt med dir. Lene E. Walle ved Telemark Museum om denne saka.

Det er laga eit lite portrett av Anton Espeland til Sunnhordland Årbok 2009, og me vil be om løyve til å ta dette inn som ein introduksjon eller etterord dersom utgjevinga vert realisert.

Økonomien i prosjektet: Espeland sin monografi er på i alt 55 sider dersom me held oss til originalutgåva. No er heile skriftet skanna og føreligg i ei digital utgåve. Med omtale av Espeland vert heftet totalt på om lag 60 sider. Dersom me prentar dette skriftet i 2000 eks. så vil kostnadene totalt verta kr 23.700,- med momsfratak (pris frå Fagbokforlaget). Eit opplag på 1000 vil kosta totalt kr 21.800,-

Då kan utsalprisen setjast til kr 50,- pr hefte – og sogelaga får heftet til kr 30,-.

Ei eventuell utgjeving må koma på ei tid av året der ikkje lokale sokeskrift er på marknaden, t.d. ved påsketider.

Hordaland sogelag er takksam for innspel til denne saka.

GOD JUL OG GODT NYTT ÅR !

Helsing frå Hordaland sogelag

v/Else Marie Kind Hevrøy

Ebbesvikvegen 235

5350 Brattholmen e-post: elsemarie@c2i.net

NB!

Dersom dette brevet er sendt til feil eller gammal adresse, ber vi om at det vert levert til rett person, og at det vert gjeve melding til Hordaland sogelag om det, slik at seinare brev vert sendt til rett adresse.

Hugs og e-postadressa